Førsteblad

1.

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23 Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Uvdal

Emne: Bordskikk til hverdags Bygdelag: Kyrkjebygda

Oppskr. av: Anna Samuelsen Gard: Skogheim (Grøtjorden)

(adresse): Uvdal i Numedal G.nr. 61 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røinsle og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Gunhild Brekke 75 aar Gunhild Amundsen73 aar jeg 71 aar

SVAR

I eldre tider og delvis naa , lager en mat og spiser i samme rummet. 1.

Dei satt ved sjyvju og brukar den endaa til alle matmaal der dei ikkje har vore so "moderne" aa kasta ho ut, men det er fleire som har teke inn att sjyvju.

2.
Heile huslyden sat ved sjyvju, det er endaa vanleg skikk men ha dei ein dag i eplegravsten(potetgravsten) formaange folk so det ikkje er rom ved sjyvju, sit dei alle ved langbordet.

3.
Alle et samstomdes, baade tenera o husbondsfolk.

4.
Dei eta alle samre maten, ingen førskjell paa tenera o husbondsfolk.

5.
Naar dei har kjøken-og der er rom-et alle paa kjøkenet.

6.
Juleeftan o andre høgtidsdøgø eta dei alle i stugo.

7.
Det
~~Bevar~~-o er vanleg at dei har sin faste plass ved bordet ell. ved sjyvju. Der det var slike almindelege hus med stugu, kave og mjølkehus, sto pisten altid i det eine hynna av stugo, sjyvju var daa altid plasert paa veggen neraste pisten. I pistroe i sjyvjuhalsen var det altid husbonnens plass, so hadde nokon sett seg der, enten det var til maals ell andre tier paa dagen , sto dei altid upp og flutte seg hvis husbonden kom inn.

4955

8.

Det her aldrig vore den sjikken hær att ungan skul de s t a a ved bordet nør dei aat.

9.

Som før nemd hadde husbonde sin faste plass i pistroe i sjyvjuhalsen-naar dei sat ve sjyvju , satt dei ved bordet var plasse hans i høgsete.plassan har endaa samre namne. Var det fleire kara tilbords, sat dei paa den eine sia av bordet nedaaver fraa høgsete og kvinfolka paa den andre sia av bordet.Men var det fremmenkara som husbonden satt aleine tilbords sammen med, so satt fremmenkaren i høgsete og husbonden flutte seg nepaa bordskrakken(De var den lange benken som sto frammanom bordet)

10.

I eit moderne inretta hus heruppe er hedersplassen helst i ein soffa der bordet stend frammanfor.

11.

Før var dei ikkje so nøie med aa vaske hendan før dei je kk tebords, Hadde dei for seg slakting ell møka - kjøiring vaska dei seg nok, forreisten so er daa karan ikkje so sers nøie med den vasken endaa .Karan har alletier tat av seg luva naar dei sette seg tebords, so det er baade gamal og ny skikk.

12.

Før aat dei alle av samre fatet enten der var graut ell suppe.Haa tid dei slutta med det er ikkje so godt aa si, det var heilt førskjelligt med det i dei ymse hus, men ei g god tid før aarhondreskiftet-e trur me kan seia 90 aara- var det no slutt i alle lag med slikt , o daa var det vel slutt i dei fleste hus me den skikken trur e.Far o mor var sørlendinga so dei bruka aldrig o la kan eta taa felles fat ell drikkekopp, men far som var klukkar "sjela" før alle lik i bygdeo mor o me ongan var med i alle likferdun, me vart innprenta taa far o mor, aat me ikkje maatte grine paa nøsøn berre ta imot naar ølskaale jek fraa mann te mann, lik eins o eta taa samre grautefate o mjølkekoppen , men so veit du

4955

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

me la vel merkje til aat det vart slutt paa skikken ,
Mjølkekøppen vart kalla ~~mjølkekøppenxx~~ mjølkekøppen.
Dei fyrste mjølkekøppan vart svarva av tre og somme av blikk
Det var vanleg daa eg var liten ,at dei tok grauten i
sjeie o jamna´ n til inni kjeften, etterpaa sette dei sjeie
med grautebetin paa burti den felles mjølkekoppe og fylde
sjeie med mjølk, so bar det ti kjeften før alvor - huff-
hadde e ner sagt.No drikk dei ikkje,men et mjølkje med
sjeii or køppen .Ingen bruka o slø mjølk nepaa grauteta-
lerkenen, det syns me heruppe er ein grisute byskikk.
Kaffeen var nok kome ibruk lenje før dei hadde slutta med
felles mjølkekopp og grautefat, te kaffekoppa vart det ~~fyrr~~
fyrst bruka trekoppa , menleir og porselenskoppa var nok ~~ko~~
kome ibruk til kaffekoppa lenje før dei slutta med felles
mjølkekopp. Det stenn endaa i gamle hus nokon fine fa~~t~~t
som sikkert er 200 aar gamle . Dei vart bruka ~~i lag~~ til
aa ha rommegraut i mør dei hadde lag.

Sea m~~e~~'æ inne paa kaffedrikking, so er det best aa
førtelja at dei kaffekoppan som vart bruka i gamal tid
var mykjy større ell dei som ~~vart~~ bli bruka no, dei vart kalla
for paasjonskoppa, dei hadde ufyselege store skaali , og
skulde ein mann ha ein kaffekopp, so vart den slij so full
aat den rann aaver, so mest heile skaale vart full, men so
bruka dei aldrig aa slaa i paanytt, om navne "paasjons-
koppa" kjem taa det , kan godt væra truleg, dei hadde faat
sin paasjon naar dei hadde drøkkje ein kopp.Det var maange
som ikkje vilde ha fløite i kaffeen .

13.

Gryta vart aldrig sett paa bordet.For bord, krak-
kar og ali husgeraad skulde alltid væra fint kvitskura,
det var berre gølve som ikkje vart vaska meir e~~t~~tte saamm-
aars, jul , paaske og pins.Dei hadde ikkje tid til slikt
som gølvevast til kvar viku , sa gamle Gunhild Brekke, for

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4955

straks kvinfolkan kom inn or fjøse maatte dei til aa kare aa spinne, ell so fort det vart ljost, maatte dei til aa væve, for i den tia gjorde dei alt arbei heime sjølve, gølve fek nøije seg med aa bli sopa væl.

Ei steikjepanne kona dei la staa paa bordet paa ~~ein g~~ ein god pannering , den vart laga av smaa sammenfletta trebeter ell av traasneller ell staaltraa.

Naar det var fremmen tegards skulde dei sitta ved bordet ikkje ved sjyvju.

14.

Smørkling var navne paa to flatbrøbetar med smør imeljom Naar dei hadde fisk, bruka somme o leggje den og smør meljom to brøbetar. Det vart bruka te meddag ell bisk.

15.

Det bli regna for god almindeleg bordskikk o ta sukkerbet betin i munnen o drikke kaffe til. No ha me berre gvitt klyfa sukker, men før var det kandis som vart mest bruka , dei siste 50 aara bruka dei "sukkertenga" aa klypte kandissen upp i passelege beter, men daa eg var liten var det vanleg aat dei la store uptil 10 cm. lange ksndisstykkju(bronsukker vart det kalla) paa eit stort sukkerfat til kaffeen (smaakaker bruka dei ikkje den tie). So tok gjesten sjøl o braut av eit passeleg stykkje , o maange bruka aat dei ret o slett beit av eit stykkje av sukkerbeten o so la den n att paa sukkerfate. Tok dei forliten bete etter mannens meining- nør han helt fremmenmann mæ selskap ved bordet, so sa'n " Nei ta te de sukker, et upp dessa betan" Det hadde nøkk blitt eit hart arbei.

16.

Det var almindeleg bordskill før at dei drakk av skaala, ~~d~~ det var dei simpelthen nøigd til naa baade kopp aa skaal ~~v~~ vart fylt so det mest rann utaaver, no er det blitt her ~~so~~ som annstann , at dei drikke kaffeen direkte av koppen ,

4955

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bli no ökkje kaffeen ho heit hell i so smaa kpppar som me bruke no.

17.

Gaffelen kom nok ibruk i 9o aara, men fleire gamle folk syns ~~nok~~ det var luksus. Naar dei skrelte poteter som var ~~ko~~ kokte bruka dei altid fingrene

18.

Mennan bruka tøllekniven maar dei aat spikjikjøt ell flesk ,ellers bruka dei sovel som kvinfolka atmindeleg matkniv , "matjonje" var det gamle navne paa ein almindeleg bordkniv.

19.

Dei hadde hver si sjei i den tide dei bruka tre-sjeii.Den var merka med navn fordetmeste .Det traf dei ~~hadd~~ hadde hornsjeie og , dei var no rekna sers gjæve.
Alt i 8o aara fek dei kjøpt metalsjeier, me hadde nokon av førtena jønn, dei var felt sterke , eg har sett masseng - sjeier og, men dei eira og var nesten ubrukelege. Ja so hadde dei no søllsjeier dei som hadde god raad. Dei var h heimesmia av ein sølsme uti Nore , han hadde ei søllgruve sjøl som ingen har finni att. han heite Raaen og vart halshøggd tesl~~u~~tt før han hadde arbeid peng, sjyllfolka has leva endaa her i Uvdal o kan førtelja om'n. Det er so omlag 2-3oo aar sea.
Haa tid dei begynte aa vaske sjeierne er ikkje so godt aa sea, ,alle koppar og kar som høirde maten til vart skura aa vaska ofte og daa fekk nøkk tresjeiin ein omgang, men til dagleg bruk sleikte dei av sjeierne ette dei hadde ete duguren og sette dei i "sjeiklavin", det var eit lite tverrtre som var hefta paa veggen i endin paa sjyvju deer sette dei sjeian etter einan naar dei hadde ete. Seinare vart det sjeiskuffa og daa vart sjei-in vaska etter kvart maal, det var no lidt før aarhondre sjifte iallefall.

20.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 4955

20.

I nittiaara var det vanleg aa bruke stentøitalerskener og porselænskopper, men at de sto mest som stas laagtid før er ganska sikkert ,det kan ein sjaa av dei fine gamle fat o koppar som fins endaa, men i gamal tid berre vart bruka til høgtid.Det var tretalerkener som mest vart bruka til kvardags før, og det mest almindelege var maar dei aat kjøt o fisk at dei braur av eit stort flatbrøstykkje o bruka den te talerken . Flarbrø vart no mest bruka aataat all mat.

21. o 22.

Bordduk til kvardags vart aldrig bruka, bordet var altid gvitskura,etter voksduka kom i handelen vart den bruka naar det likesom skulde væra lidt finare o naar dei hadde fremmen , seinare vart bordskiva maala , men no i den seinare tid har maange begjynt med gvirskura bord att Voksduka var i handelen alt i 80-90aara. Den vart aldrig bruka paa sjyvju men paa stugubordet o daa laag'n der heile dagen.

23.

Det almindelege var naar dei aat kjøt at suppa var i eit fellesfat, helst ein stor trebolle ell to ettersom det trengdes , o kjøte sto i eit tretrøg paa sjyvju, o der førsynte dei seg ettersom dei vilde. Dei aat suppa fyrst o den som fyrst vart ledig tok til seg kjøt, det jek ikkje so nøie for seg. Det vat ikkje almindeleg at husmora deilte ut maten til dei vaksne ved bordet , det var slik paa nokon faa stellu, men det vart omsnakka o hatt som te moro, o dei husbondsfølkje vart mest rekna for lite gjerruge . Det vart kalla "o sjifte ut maten".

24.

Smør o ost vart aldrig sjifta ut.Heller ikkje flatbrø, ovnsbrø og eplekaku(samme som potetlompe), her i bygde sea me eplu istellafør poteter.

4955

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

25.

Der dei deilte ut maten rekna dei nøkk aat vaksne menna o guta maatte ha mest mat, men høs det meinte om kvinfolka si eting veit eg ikkje, for det var so sjella slik matutdeiling vart bruka.

26.

Haa store ungan er naar dei kan greie aa eta uta hjølp ved bordet er no ettersom dei har lært up ongan, men ved 7 aarsalderen bli dei no rekna for sjølberga er dei ikkje altfor treneva. Førsyne seg sjølve bli dei nok ikkje betrud paa fleire aar endaa, dei sea aat "augun er større ell matsekken" paa ungan so dei vilde helst leggje nepaa til seg meir ell' dei greide o eta upp, o det bli dei lert upp te aat dei ska eta upp det dei leggje nepaa talerkan te seg , ell' paa brøbetan var det no før. Ongan fær hjølp taa far, mor o eldre sysjin ettersom dei har best tier ell sitt neraste.

27.

Ja dei bruka nok at dei tygde mat til ungan , Eg kan hukse det, men det er no lenje sea det vart slutt paa det.

28.

Synje før maten har nok aldrig vore bygdeskikk her, i dei seinare aar etter det vart religiøse festar her synje dei bordverse før dei eta, men det er ikkje gamal skikk, men læsa høgt for maten bruka nok husbonnen for mange aar sea , eg kan ikkje hugse det, men det er fortalt av gamle. Men at ein av ungan les høgt for maten var god skikk til for nokon aar sea . Den les for maten som vart opfordra av far ell' mor, No er desverre den skikken utdøid paa dei fleste gardan , dei som bruke o læsa for maten læs i stillheit . Det var helst der det var unga at dei les høgt for maten .Det er ingen forsjell om det er fremmen testaes .

29.

Noko snakkeforbud naar dei aat var det ikkje, men ungan fek ikkje halle noko skraat o leven mæ dei aat, dei skulde sitja

4955

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

stille o role mæ dei aat, o fek ikkje løv o floge att o fram fraa bordet. Det er likeins no. Det bli no snakka om ei o ann hending so humøre helt seg uppe, men det er ikkje plent hus - faren som føre ordet, det er som det høve.

30.

Hende noko morosamt nør dei aat, so var det ikkje førbøe o læ.

31.

O synje ved bordet vart no ikkje bruka ne mar eit ordtøk som lye slik:" Mann viste ikkje aat kjerrinje va galin før, ho saang mæ ho aat".

32.

Ongan fak jamt løv o gaa fraa bordet Maadei var mette, men dei vaksne sat no til alle var ferduge hvis ikkje ei ell ann hadde det sers travlt.

33.

Det var ikkje so mykje ibruk før o takke for maten, no brukas det mykje meir . Det er helst de himmore dei rette takken.

34.

Om ein fremmen kom inn mens dei aat, sa han ingenting, berre helssa o sette seg , ein av husens folk sa "du før sjaa du før sitta" .

35.

Om det kom ein fremmen mens dei aat ba dei han aldrig o eta ved borde der dei satt,

36.

Kom der ein fremmen meljom matmaale vart det testelt før han i kavin..

37.

Ein tilfeldig gjest ~~xxxx~~ fek ikkje altid traktement, det ~~xx~~ kom seg mykje an paa haa ærind han hadde , var det berre snaraste han skulde snakke med husbon, so sat han te mann hadde ete før han sa ærinne sitt.

38.

Dei hadde ikkje altid kaffe ferdig til den som kom innom, o kaffekjelen sto ikkje paa heile dagen . Ikkj no heller.

4955

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

39.

Ein fremmen gjest sette dei aldrig paa kjøkenet . Han vart plasert i stugu ell' kavin. Var det liksom ein jæv mann, so satt husfaren tebords samen mæn, hvis han ikkje nettup ha ete, husfaren helt'n daa mæ selskap , ell er ikkje husfaren heime so er ho daa inne o upvarta'n , men kjerrinje satt aldrig tebords hverken med ein fremmenmann ell fremmenkjerring , ho berre upvarta dei . Ein mann sæt nell ikke tebords med ei kjerring som kjem, slik var det no før, no tæk dei de ikkje so høgtideleg, ha mann tier helt'n baade kar o kvinfølk med selskap , hende mok at matmora gjer det , men n ho ha det mest for travlt.

4.o

Før var det ei farleg stri for aa faa ein mann ell kjerring tebords, dei maatte mest dra dei tebords . Dei skulde "krikle"_var det rektig-o sea aat "detta æ no berre sjøvele e æ daa ikkje laangreist", det var det samre om gjesten hadreist laange væji o va skrubbsøltin, krikle maatte'n.Men no er det mest slutt paa slikt. I lag var det reint ei føl stri for "bemann" o faa gjesterne tebords. Han plukka ut dei elste fyrst , hvis ikkje hadde han gjort ein bommert, men dei elste førplikta seg paa at det var dei som var eldre ell' dei i laje, sjøl om dei viste aat dei var eldst . So maatte beman hukse paa o sjilja dei lite etter rangen , den som dei viste hadde ei noko tjukk lommebok, maatte i maange tilfell høire aat han va den elste , detta mæ rangsførsjellen maatte ikkje seias høgt, men dei "siplare " helt seg sjøl meir i bakgrun, so skuespele kona gaa knirkefritt. No er det slutt baade paa "krikling" o rangsforsjell.Omkring aarhondreskifte tok det til o rette paa seg.

41.

Sit ein gjest aleine o et i eit rom, er altid ein av husfolken med,ikke like ved bordet"ein ska ikkje regne matbetan i følk", heite det.

Slutt.

4955

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING